

Saksprotokoll

Formannskapet og
næringsutvalet

10.06.2020

Sak: 63/20

Tittel: Saksprotokoll - Lustrabaatane AS sommaren 2020

Arkivsak: 20/1744

Behandling:

Formannskapet understreka at dei statlege støtteordningane som kjem selskap/sambandet til gode skal reknast inn i oppgjeret i høve garantien.

Arbeidarpartiet sette fram tillegg til tilråding: Selskapet skal ikkje ta ut utbyte i neste 5-års periode. Framlegget fekk 2 røyster (MJV, ASN).

Rådmannen si tilråding vart vedteken mot 3 røyster. (MJV, ASN, GAS.)

Vedtak:

Lustrabaatane AS får ein kommunal garanti for inntil kr 1.000.000 i tapte billettinntekter i 2020 på sambandet Urnes – Solvorn samanlikna med trafikktalet i 2019. Grunnen til tapte inntekter er færre turistar grunna koronapandemien. Garantisummen vert finansiert ved forbruk av næringsfondet.

Lustrabaatane AS set opp eit rekneskap over drifta av ferja etter utgangen av året 2020, eit slikt rekneskap skal og inkludere dei kontanttilskota selskapet har motteke frå Staten. På bakgrunn av dette rekneskapet vil så rett garantisum inntil 1 mill kr, bli utbetalt frå Luster kommune til Lustrabaatane AS.

Rutefrekvensen på sommarrutene i 2020 vert noko redusert. I mai har det vore noko reduserte ruter, det held fram til 20. juni med litt auke. Frå 20. juni til 1. september vert det vanlege sommarruter og i september går ein attende til mairuta i 2020.